



--

Arkiv saknr:	2014/2965
Løpenr.:	459/2015
Arkivkode:	124/1

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Plan- og miljøutvalet		

Sakshandsamar: Thor Christiansen

Søknad om konsesjon for overtaking av gnr. 124/1

Vedlegg:

- 1 Søknad om konsesjon for overtaking av gnr. 124/1
- 2 Gardskart gnr. 124/1 m.fl.
- 3 Gardskart tun gnr. 124/1.

Dokument i saka:

Takst over gnr. 124/1 m. fl – datert 9.4.2014

Kjøpekontrakt for erverv av gnr. 124/1 m.fl. – datert 18.12.2014

Bakgrunn:

Torunn Øygarden, Vå søker om konsesjon på erverv av landbrukseigedomen Øygarden Nordre gnr.124/1, samt ½ part av gnr. 124/5, 125/3, og 127/3. Eigedomen ligg i Arabygdi, med teigar på både sider av Totak samt i Bitdal – frå 680 til 1600 moh. Samla areal er i følge gardskart på 15 428 dekar – der 12 864 er i sameige. I matrikkelen er det oppgjeve at ein teig i sameige på 60 dekar er omtvista. På gnr. 124/1 er det registrert 41 dekar dyrka mark, 33 dekar innmarksbeite og 65 dekar produktiv skog av totalen på 2564 dekar, sjå elles vedlagt oversikt.

Det er gode og oppstelte hovudbygningar på garden, samt fire hytter i fjellet. Det har vore saudrift inntil nyleg – medan ein dei siste åra har slått arealet og selt høy. Naboen nyttar innmarksbeite for sine sauer, medan det er noko utleige av jakt og hytter. Drift av garden vil halde fram som før inntil vidare.

Torunn Øygarden overtek etter sine foreldre. Dei skal i følge kjøpekontrakt ha burett i våningshuset *så lenge dei lever eller ynskjer det med full disposisjonsrett*. Hun søker derfor konsesjon på erverv av garden fordi hun i følge søknaden ikkje skal busette seg på garden. I følge telefonsamtale er intensjonen å flytte til garden når huset blir ledig.

Vurdering:

I følgje konsesjonsloven § 9, fjerde ledd skal søknader om konsesjon som gjeld nær slekt som ikkje skal oppfylle buplikta handsamast etter noko andre reglar enn ved ei vanleg søknad.

Dei skal då berre vurderast etter § 9 pkt. 2.3.5. Det skal då legges særlig vekt på:

2. om ervervets formål vil ivareta omsynet til busettinga i området,
3. om ervervet inneberer en driftsmessig god løysning,
5. om ervervet ivaretek omsynet til heilskapleg ressursforvaltning

I tillegg skal det blant anna skal "legges vekt på eiendommens størrelse, avkastningsevne og husforhold. Søkerens tilknytning til eiendommen og søkerens livssituasjon kan tillegges vekt som et korrigerende moment".

Torunn Øygarden søker konsesjon fordi hennar foreldre har burett og vil disponere våningshuset på garden i tråd med kjøpekontrakten. Det er ikkje andre bustadhus. Søker bur i dag i Vå, men ønskjer å flytte garden når våningshuset er ledig. Sakshandsamar ser på søknaden som eit ledd i eit smidig generasjonsskifte på garden - der det må vere rimeleg at foreldregenerasjon får høve til å fortsette å bu på plassen om dei ønskjer det. Sakshandsamar ser det likevel som uheldig å fritta søker frå kravet til buplikt – men vil heller tilrå å gje utsetting så lenge bustaden ikkje er tilgjengeleg. Dette er og i tråd med praksis i fleire slike saker i Vinje kommune dei siste åra.

Søker bur i nærleiken i dag. Når garden ikkje lenger vil vere busett av foreldra vil søker flytte dit. Ein kan då ikkje sjå at søknaden er i strid med omsynet til busettinga i området, eller andre moment etter konsesjonsloven § 9. Moment som søker sin tilknytning til eigedomen, hustilhøve og eigedomen sin storleik og avkastningsevne styrkjer søknaden. Ein vil tilrå konsesjon, med vilkår om buplikt i medhald av konsesjonsloven § 11. Ein gjer merksam på at det varig driveplikt på alt jordbruksareal etter jordlova § 8.

I følgje rundskriv M-4/2003, pkt. 8,3 er det ikkje naudsynt med samtykke til deling etter jordlova § 12 når overdragar får burett i samband med generasjonsskifte – det vil seie frå foreldre til born som ved dette høve.

Rådmannens framlegg til vedtak:

Plan- og miljøutvalet gjev Torunn Øygarden – i tråd med konsesjonsloven §§ 9 og 11 – konsesjon på erverv av gnr.124/1, samt ½ part av gnr. 124/5, 125/3, og 127/3 som omsøkt. Det vil vere eit vilkår at søker tar eigedomen som sin reelle bustad innan eitt år – og bor der i minst fem år - etter at foreldra ikkje disponerar våningshuset lenger, jf. kjøpekontrakten.

Rådmannen,

Jan Myrekrok, rådmann /s/